



Fylkesmannen i Rogaland

Tysvær kommune  
Rådhusvegen 9  
5570 Aksdal

Stavanger, 13.10.2017

Dykker ref.:  
Marlin Øvregård Løvås

Vår ref.(oppgi ved svar):  
Sakshandsamar:  
Mariann Størksen

## Rapport: Inspeksjon ved Tysvær kommune - Forsøplingsmyndighet Kontrollnummer: 2017.055.I.FMRO

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:  
Marlin Øvregård Løvås

Frå Fylkesmannen i Rogaland:  
Mariann Størksen

Andre deltagarar frå verksemda:  
Arvid S. Vallestad (på innleiings- og  
sluttmøte)  
Bjørg Tone Vikshåland  
Bjørn Bruaset  
Arne Henry Grottevik  
Geir Stakkestad

Andre deltagarar frå Fylkesmannen i  
Rogaland:  
Margareta Skog

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Tysvær kommune som  
forsøplingsmyndighet den 26.09.2017. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi  
ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Rogaland avdekkja ingen avvik og ga ingen merknad(er) under  
inspeksjonen.

Avvik:  
Det vart ikkje funne avvik under inspeksjonen.

Merknader:  
Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

Under punkt 7 – Andre tilhøve, har Fylkesmannen gitt utfyllande informasjon.

**Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift**

<u>13.10.2017</u>	Mariann Størksen	Marit Sundsvik Bendixen
dato	kontrollør	fung. fylkesmiljøvernsjef

Fylkesmannen i Rogaland

Kopi av rapporten skal sendast til:

- Miljødirektoratet

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> SENTRALADMINISTRASJONEN	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 974617714	<b>Eigd av:</b> 974781263
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 84.110 - Generell offentlig administrasjon	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Tysvær kommune - Forsøplingsmyndighet	<b>Anleggsnr.:</b> 1146.0128.01
<b>Kommune:</b> Tysvær	<b>Fylke:</b> Rogaland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Annen aktivitet	
<b>Løyve gitt:</b>	<b>Sist endra:</b>

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Miljødirektoratet har bestemt at det fra 2016 skal utførast landsomfattande tilsyn med kommunen som forvaltar av miljølovgivinga. Tilsynet tek utgangspunkt i dei krava som er stilt til kommunen som forvaltar av forureiningsregelverket, jf. ureiningslova § 48a om tilsyn med kommunane og kommunelova kapittel 10a om statleg tilsyn med kommunane.

Inspeksjonen er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i ureiningslova, vert overhaldne.

Val av fagområde er:

- Forsøpling

Mål for aksjonen er å fastsetje om kommunen sin kunnskap om og ansvar for si myndighet på forsøplingsområde og å peike på forbetringsspunkt i kommunen si utøving av myndighet i forsøplingssaker.

Inspeksjonen skal og avdekke korleis kommunen organiserer, utfører og etterlever plikta dei har på forsøplingsområde og korleis dei brukar myndigheita og verkemidlar i forhold til lovverket.

### Gjennomføring

Slik blei inspeksjonen gjennomført:

- Inspeksjonen blei varsla i brev av 14.07.2017. Kommunen blei i brevet bedt om å sende inn relevant dokumentasjon. Denne blei motteken og gått gjennom som del av førebuinga til inspeksjonen.
- Innleiingsmøte, intervju av til saman fem tilsette og sluttmøte med oppsummering vart gjennomført den 26.09.2017.

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekkja under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

## **Definisjonar**

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

## **3. Oppfølging etter inspeksjonen**

Fylkesmannen avdekkja ingen avvik innanfor dei områda som vart kontrollerte. Vi ser difor på oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.

## **4. Offentlighet i forvaltninga**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Rogaland (jf. offentleglova).

## **5. Avvik**

Det vart ikkje funne avvik under inspeksjonen.

## **6. Merknader**

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

## **7. Andre tilhøve**

### **Observasjonar**

- Brannvesenet rykkjer ut ved melding om ulovleg brenning av avfall. Ikkje sjeldan blir ulovleg avfallsbrenning meld til politiet, og den ansvarlege må betale for at brannvesenet rykkjer ut. I løpet av tilsynet kom det fram at brannvesenet er under omstrukturering og skal saman med andre kommunar bli eit IKS. Fylkesmannen rår til at den gode kontante måten kommunen i dag handterer ulovleg avfallsbrenning vert ført vidare etter omstruktureringa av brannvesenet.
- Kommunen bør sikre erfaringsoverføring ved å inkludera rutinar for løysing av miljøoppgåver i Risk Manger, som nyleg er innførd i kommunen. Dette kan i praksis vera å for eksempel visa til stikkord i Miljøkommune.no.
- Kommunen synes å ha god kontroll på oppfølging av forsøplingssaker. Organisering med fleire avdelingar som tek hand om kvart sitt område av forsøpling, synes å fungera godt.

## **Organisering**

Oppfølging av forsøplingssaker og ulovleg brenning av avfall etter regelverket i forureiningslova ligg til resultatområde Teknisk. Vidare er dette arbeidet fordelt til seksjon for Forvaltning og saksbehandlar er miljøvernrådgjevar.

## **Informasjon til innbyggjarane**

Det er enkelt å finna informasjon om avfall og sortering på kommunen si heimeside. Her er det lenkje til Haugaland Interkommunale Miljøverk (HIM) som tek seg av renovasjon på vegne av kommunen.

## **Miljøkommune**

Kommunen brukar jamleg Mijøkommune.no som verktøy for å fylgje opp ulike forsøplings saker. Kommunen er godt nøgd med Miljøkommune.no.

## **Anna**

- Kommunen fylgjer opp si plikt og utfører sin myndighet i forsøplingssaker.
- Kommunen er med i årlege aksjonar og har samarbeid med frivillige lag og foreiningar for å forhindre/redusere forsøpling.
- Tysvær kommune har eit godt samarbeid med Friluftsrådet Vest, som kontrollerer og ryddar på definerte stader langs sjøen.

## **8. Informasjon til verksemda**

Regelverk som det vart informert om:

- Lov om vern mot forureining og om avfall (ureiningslova)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)